



STIFTELSEN NORSK VILLREINSENTER  
Hjerkinnhusvegen 33  
2661 HJERKINN

Dato: 23.01.2018  
Vår ref.: 2014/11266-36  
Saksbehandlar: snowaag  
Dykkar ref.:

## Svar på søknad om økonomisk støtte til ferdsleprosjekt på Hardangervidda for 2018, under GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella (2017-2021)

Norsk villreinsenter og Norsk institutt for naturforskning (NINA) søker fylkeskommunen om støtte til ein omfattande kartlegging av ferdsle på Hardangervidda. Prosjektet vert gjennomført som eit stort «spleiselag» med mange partar som alle vil ha nytte av dette nye kunnskapsgrunnlaget. Prosjektet er nær knytt til fylkeskommunen sine oppgåver gjennom Regional plan for Hardangervidda. Hordaland fylkeskommune, Buskerud fylkeskommune og Telemark fylkeskommune gav støtte til dette prosjektet i 2017.

### Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune stiller seg positiv til søknaden og ønskjer å gje støtte på 90.000 kroner til prosjektet Ferdsel på Hardangervidda, for 2018. Midlane vert belasta post *Regionale planar for villreinområde*.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Snorre Waage  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Bakgrunn

Fylkeskommunen har mottatt søknad om 90.000 kroner som bidrag til ein omfattande kartlegging av ferdsle på Hardangervidda. Dette omfattande prosjektet går over fleire år (2017-2021), og har behov for årlege økonomiske bidrag frå involverte aktørar. Både Hordaland, Buskerud og Telemark fylkeskommunar, som alle inngår i Regional plan for Hardangervidda, har stilt seg positive til prosjektet. I samråd vart ein einig om at dette prosjektet i stor grad bygger opp om intensjonar i den inter-regionale planen for Hardangervidda, og direkte svarar på problemstillingar som denne planen tek opp, både i plandokument og i handlingsprogram. Hordaland fylkeskommune bestemte med bakgrunn i dette å støtte oppstartinga av prosjektet med omsøkt sum på kroner 100.000 i 2017.

Prosjektet om ferdslekartegging inngår som eitt av fem delprosjekt under «paraplyen» *GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og Nordfjella*. Andre prosjekt under denne overbygninga er 1) Rv.7, 2) Kraft og anlegg, 3) Regionale planar og fokusområde og 4) Oppfølging av merka dyr i felt og CWD. Prosjekta vert finansiert på ulike måtar. Denne søknaden gjeld berre ferdsleprosjektet og året 2018, og den gjeld bidrag frå Hordaland fylkeskommune.

Norsk villreinsenter Sør står som søker av prosjektet, medan Norsk institutt for naturforskning (NINA) har den faglege leiinga.

## Kort om ferdsleprosjektet

Det er lagt opp til eit fleirårleg prosjekt som går i periode 2016-2021. I prosjektbeskrivinga er følgjande målsetting definert (sitat):

1. *Ivareta villreinens naturlige funksjonelle bruk av areal og ressurser på vidda, som grunnlag for å ivareta lokale tradisjoner, rettigheter og bruk.*
2. *Bidra med kunnskap om brukerne på Hardangervidda, herunder både hvor mange besøkende som bruker de ulike innfallsportene og stiene på vidda, samt kunnskap om hvem de besøkende er. Uten kunnskap om hvem brukerne er, vil det både være vanskelig å foreslå avbøtende tiltak i forhold til villrein (jfr. Regionale planer, Forvaltningsplan) og tilrettelegging for å gi besøkende bedre opplevelser (jfr. Besøksstrategi, Nasjonale turistveger).*
3. *Identifisere kritiske områder som hindrer villreinens trekk og arealbruk, og foreslå målrettet tiltak som vil gi robuste løsninger med omsyn til besøkstall og nye typer fritidsbruk.*

Årets undersøkingar, saman med dei grunnleggande undersøkingane som blei gjort i 2017, gjev prosjektet viktig kunnskap om ferdsle rundt om på vidda generelt, samt at det gjev anledning til å kople data om menneskeleg ferdsel mot villreinens arealbruk i same område. Vidare gjev det anledning til å sjå nærare på korleis menneskeleg aktivitet og ferdsel relaterer seg til infrastruktur, anten det er tilrettelagt med turisthytter, eller infrastruktur som følger t.d. vassdragsreguleringar (anleggsvegar, regulerte vatn med båtutsett osv). Bruken av svarkasser, slik det no blir gjort i 2017 og 2018, gjev også eit unikt innblikk i kva brukarane i fjellet er der for og kva dei søker. Dette dannar eit spesielt godt grunnlag for forvaltninga av dei besøkande; tilrettelegging og marknadsføring eller skjerming, avbøtande tiltak og informasjon.

## Finansiering

Prosjektet har ein estimert totalkostnad for heile perioden på 3,568 mill. kroner. Kor mykje av den planlagde aktiviteten som vert gjennomført, er avhengig av kor mykje midlar som vert løyvd.

I 2017 blei det for «arbeidsgruppe 3) Ferdsel» søkt om totalt kr 1.323.000,-. Saman med restmidlar frå mellom anna Villreinnemnda for Hardangervidda kom det inn meir enn omsøkt beløp; totalt ca. kr. 1.347.000,-. Årsaka til at det trongs såpass med midlar i 2017 var at ein la opp til ei omfattande og kostnadsdrivande kartlegging av ferdsle over heile vidda dette året, med bruk av teljarar og svarkasser. Då ein i 2018 får ei anna fordeling av kostnadane, med noko mindre utgifter til generelle undersøkingar og eit meir spissa fokus, vert dei ulike beløpa ein søker kvar bidragsytar om noko justert. For Hordaland fylkeskommune betyr dette at Villreinsenteret for 2018 søker om støtte på kroner 90.000,-

Det vert søkt om økonomiske bidrag til prosjektet frå følgjande partar: dei tre fylkesmenna, dei tre fylkeskommunane, Besøksstrategi på Hardangervidda, villreinutvalet, villreinnemnda, Statens vegvesen, NVE, DNT, Miljødirektoratet samt alle kommunar rundt vidda og Hardangerviddarådet.

Hardangerviddarådet har bidrege med 300.000 kroner til dette store fellesprosjektet. Rådet valde i 2016 å omdisponere midlar som gjennom handlingsprogrammet for Regional plan for Hardangervidda var øyremerka ein eigen ferdslekartlegging. Vurderinga var at nytteverdien ville være mykje større ved å gå inn i eit større fellesprosjekt enn ved å gjennomføre eit lite eiga prosjekt med tilsvarande tematikk for det same geografisk området. Denne vurderinga står fortsatt ved lag.

#### **Økonomiske konsekvensar**

Hordaland fylkeskommune kan dekke den omsøkte andelen på 90.000 ved å bruke avsette midlar frå post øyremerka oppfølging regionale villreinplaner. Søkar har signalisert at dei vil søke nye bidrag for 2019 og 2020. Å bidra i 2018 gir ingen forpliktingar for seinare søknader.

#### **Miljømessige konsekvensar**

Prosjektet vil ikkje ha negative miljøkonsekvensar. Derimot vil auka kunnskap om menneskeleg ferdsle på vidda og dei planlagde oppfølgande analysane gje grunnlag for tiltak som vil gje mindre forstyrringar av den sårbare villreinen.

#### **Direktør for regional utvikling si vurdering**

Prosjektet vil primært styrke pågåande planlegging og oppfølging av Regional plan for Hardangervidda, men det vil òg gje viktig kunnskap til fylkeskommunen sine ansvarsområde innan friluftsliv og reiseliv.

Allemannsretten gjer oss alle rett til fritt å ferdas i fjellet. Med kunnskap om ferdsle kan det treffast strategiske tilretteleggingsgrep som stimulerer til ferdsle utanom dei mest sårbare stadene for villreinen.

Fylkesdirektøren for regional utvikling ser og ein stor verdi i at det vert utvikla eit stort felles kunnskapsgrunnlag for bruk hos ein rekke partar, som til dømes fylkesmennene sitt arbeid med besøksstrategi og kommunane si reisemålsutvikling. Fylkesdirektøren anbefaler å bevilge kroner 90.000.